



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1958

Namnet på vatnet Wardalsvatnet
Kommune Fuldal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Gyvind Vasshaug.

N O R D D A L S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 13. september 1977.

Vatnet ligg i Suldal kommune, nærare stadfest i Erfjord, nord for Kilane.

Arealet er omlag 21 ha. og h.o.h. 377 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men jamt over ser det ut til å vere eit grunt vatn med djupare partier innimellom.

Stranda består for det meste av stein, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Nedslagsfeltet femner for ein stor del om skogsmark der det veks blandingsskog av furu og bjerk. Vidare vil ein finna noko snau-fjell og myr.

Botngras, brasmegras, nøkkeroser, flotgras, siv- og algevegetasjon vil ein finna frå strandkanten og ut mot djupet.

Hovudtilsiget er "Norddalselva" som fell inn i nord-aust. Forutan denne fell det inn fleire større og mindre bekketilsig.

Avlaupet renn ut i vest og går ut i sjøen i Kilavågen i Erfjord.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 3.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 5.5 som er noko surt vatn, men godt brukande for yngel og småfisk.

Innhaldet av kalk (CaO) er 0.35 mg/l og den totale hardheita 0.40 mg/l. Vatnet er såleis kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne = 18.98

Gjennomstrøyminga er ganske stor.

Mageprøver.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 6 fiskar. Her vart det funne øyenstikkerlarver, vårflugelarver, edderkopp, fjærmyggpupper og vannkalvlarver.

Planktonprøver.



Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, og eit vertikaltrekk på 10,0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast som mykje fattige.

Fisk m.v.

Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 63 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfåra, og vidare på cm-klassar, vil dette grafisk framsynt sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 28 fiskar og av desse var 6 røde, 15 lyse-
røde og resten kvite i fiskekjøttet.

Vidare var det 11 hanfiskar og 17 hofiskar.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

12 fiskar (43%) var gytetfisk - resten gjellfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøve-
fiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4.3	9.9	15.6	21.2	25.2	29.2
Årleg lengdetilvekst i cm	4.3	5.6	5.7	5.6	4.0	4.0
Antall fiskar	28	28	28	26	18	2

Medel kondisjonsfaktor = 0,98 tilseier fisk av bra kvalitet.


Vi har på neste side sett opp ein vekstkurve for auren i Norddals-
vatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr.
år). Som vi her vil sjå, syner auren ein stort sett normal lengde-
tilvekst fram til 6 års alder og det må seiast å vera bra. Fisken
går mot ei maksimal lengd på ca. 35 cm, men det er berre få fiskar
som når opp i denne storleiken. Nå vil det sjølvstundt finnast ein
del fisk som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar" men
det er neppe mange av desse. Dette er då fisk som har fått ein god
start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av
yngel og småfisk.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som medels
næringsrikt og med eit fiskebestand tåleg avpassa næringsforrådet.
Ser vi på dei kjemiske tilhøva så er desse godt brukande for aure
men "Bufferemna" er uvanleg svak. Ein vil såleis få store varia-
sjonar i pH gjennom året.

Mageprøvene syner ymse arter av næringsdyr og omfarfordelinga,
saman med cm-klasseinndelinga, syner fisk av ymse årgangar og
storleikar.

K-faktor og vekstkurve tilseier fisk av normal, god kvalitet.



Som kjent spelar nedslagsfeltet ei stor rolle når det gjeld næringstilgang, og fylgjeleg fiskeproduksjon, i eit vatn. Består dette av eit rikt jordsmon med lett forvitrelige bergarter i undergrunnen, vil tilsiga ofte føre mineral- og næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode.

Nedslagsfeltet for Norddalsvatnet er stort og fylgjeleg vekslende. Vassprøvene syner at det er lite med kalkstoff som blir tilført vatnet og med den sure nedbøren ein i dag får vil dette dra i negativ lei. Om tilhøva stabiliserar seg på det nåverande nivå er det likevel ingen fåre for fisken eller rekrutteringa. Gytetilhøva er framifrå gode i Norddalselva men og andre stader kan fisken gyte.

Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at grunneigarane til Norddalsvatnet går saman og skipar til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på. Straks grunneigarlaget er etablert må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske, medan grunneigarane sjelve tek hand om alt garnfiske. På denne måten vil ein kunna få inn nokre kroner til aktuelle kultiveringstiltak.

Fiskebestandet ser ut til å vera bra avpassa næringsferrådet, slik at den fisinga som har vorte foreteken i seinare år må halde fram omlag som før og kan også gjerne intensiveres noko. Dei gode gytetilheva i Norddalselva fører til at det årleg kjem store år-gangar med yngel og småfisk ut i vatnet. Blir ikkje denne årlege tilveksten hausta vil det lett bli overbefolkning og småvaksen fisk.

Norddalsvatnet eignar seg godt for stangfiske og dei mange rasteplassane i strandkanten syner at folk nyttar seg av dette.

Stavanger 28/2 1978

Einar Berg